



# KYRKJEBLADET

FOR VESTNES

NR. 1 - MARS 2013

18. ÅRGANG



*Den oppstådne*  
måleri av Petra Frostad

*Velsigna påske!*

# Evangeliет etter Matteus

Kapittel 28

## Jesus står opp

Då sabbaten var til ende og det tok til å lysna første dagen i veka, kom Maria Magdalena og den andre Maria for å sjå til grava. 2 Då kom det brått eit kraftig jordskjelv, for ein Herrens engel steig ned frå himmelen, gjekk fram til grava, rulla steinen ifrå og sette seg på han. 3 Han var som eit lyn å sjå til, og kleda hans var kvite som snø. 4 Vaktmennene skalv av redsle for han og vart liggjande som døde. 5 Men engelen tala til kvinnene og sa: «Ver ikkje redde! Eg veit at de leitar etter Jesus, den krossfeste. 6 Han er ikkje her; han er stått opp, som han sa. Kom og sjå staden der han låg! 7 Skund dykk av stad og sei til læresveinane hans: 'Han er stått opp frå dei døde, og no går han føre dykk til Galilea; der skal de få sjå han.' - No har eg sagt det til dykk.»

8 Då skunda dei seg bort frå grava, redde, men jublende glade; og dei sprang av stad for å fortelja det til læresveinane. 9 Og sjå, Jesus kom imot dei og sa: «Ver helsa!» Då gjekk dei fram, tok om føtene hans og tilbad han. 10 Og Jesus sa til dei: «Ver ikkje redde! Gå og sei til brørne mine at dei skal fara til Galilea. Der skal dei få sjå meg.»

## Misjonsbodet

16 Men dei elleve læresveinane drog til Galilea, til det fjellet der Jesus hadde sagt han ville møta dei. 17 Og då dei fekk sjå han, fall dei ned og tilbad han; men somme tvila. 18 Då steig Jesus fram og tala til dei: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. 19 Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande 20 og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.»



# Andens frukt

Av Kari Nakken

Diktet er inspirert av Gal.5, 22-23. "Men Andens frukt er kjærleik, glede, fred, tolmod, mildskap, godleik, truskap, audmjukskap og sjølvdisiplin."

Kjærleik - takk for kjærleiken med lys og varme.

Kjærleik løftar opp og slettar harme.

Kjærleik, noko lyst og stort,  
takk for alt som den har gjort.

Glede - glede over livet, glede over kjære venner,  
glede over mangt eg ikkje nemner.

Glede over vakkert fedreland,  
men først og sist for frelsesgåva frå Guds hand.

Fred - den djupe, sterke,  
gitt av Gud, med Andens merke.

Fred som tåler sorg og smerte,  
fred frå Gud til barnehjerte.

Tolmod - hastig sinn og harde ord  
avlar mykje vondt på jord.

Tolmod er som salve god,  
legg striden ned, gjev fred og ro.

Mildskap - mild som sommarbris i hår,  
sjølv om stormen mot oss slår.

Mild i dom om nokon fall,  
det er Gud som døme skal.

Godleik - god og vennleg mot vår neste,  
tenkje på dei andres beste.

Stryke lint eit barnekinn,  
spreie lys for sorgsamt sinn.

Truskap - tru i smått og tru i stort,  
la som for Gud alt vere gjort.

Tru mot kall som Gud oss gav,  
Han er sjølv vår kjeppe og stav.

Audmjukskap - fredeleg i ferd på jord,  
hjelper gjerne nødstedt bror.

Audmijk for dei andres liv,  
hegnar om det svake siv.

Sjølvdisiplin - den som styrer hug og sinn  
er sterkare enn den som vinn  
over by i fiendland.

Hentar kraft til liv hos Gud,  
lever etter Herrens bud.

Takk, du Heilag Ande god,  
at du vil iblant oss bo.

# "Den oppstadne" av Petra Frostad

Av Kari Moe Elgsaas

Forsidebiletet i dette påskenummeret er måla av Petra Frostad frå Tomrefjord. Petra har vore interessert i teikning og rosemalinger frå ho var barn og tok oppatt desse interessene i vaksen alder etter kvart som ho fekk tid og høve til det.


Ho har vore aktiv medlem av målarklubben i Tomrefjord i alle dei åra klubben var i gang, og er nok mest kjend for sine mange naturbilete i olje og akvarell med lokale motiv. Mange av hennar bilete formidlar for oss i dag lokal kulturhistorie. Innimellan har ho også måla bilete med religiøse motiv slik Den oppstadne er eit døme på.

Den oppstadne er eit enkelt og reint bilete med Kristus plassert i sentrum og heilt åleine. Måleriet formidlar ein augneblink ingen på denne vår jord var vitne til, den augneblinken då den levande Jesus steig ut av grava. Dette blir understreka med fråveret av væpna vakter eller andre menneske. Kristus åleine har gjennomført frelseoppdraget og står levande og høgreist framfor oss.

Naken, men innhylla i likkledet han blei lagt i grava med, og med naglemerka etter korsfestinga på begge fotblada og i begge handflatene, utfordrar han oss gjennom desse synlege bevisa på korsfesting og død, - og med den opne grava bak seg som eit like synleg bevis på oppstoda. Døden er i denne augneblinken historie, eit tilbakelagt stadium. Her utfordrar

han oss til å tru, kanskje utan heilt å forstå, at dette faktisk har skjedd, og at det har konsekvensar for oss som blir konfronterte med blikket frå den levande Kristus.

Petra Frostad har mellom alt det andre ho har laga gjennom åra, også måla ei altertavle til ei misjonskyrkje i Tanzania. Midtfeltet i denne altertavla framstiller Jesu fødsel. Høgre sidefelt har eit tilnærma likt motiv som det vi har i Den oppstadne, medan venstre sidefelt framstiller misjonsbefalinga. I tre bilete formidlar Petra kristendommen i kortversjon for kyrkjelyden i Tanzania med denne altertavla. Med dette forsidebiletet formidlar ho påskemysteriet for oss her i Vestnes.



## Anna Almenning:

## Min påskesalme: JESUS LEVER, GRAVA BRAST

Denne påskesalmen vitnar om det største under og drama i verdshistoria. Undring, framtidsvon og glede er her samla i to små vers. Elles veit vi at det var kvinner som først fekk bodskapen om at Jesus hadde stått opp. Det var dei som skulle fortelje det til læresveinane. Bestemor mi vart svært gammal. Då ho etter kvart var mindre med i det som skjedde i kvarldagen rundt seg, kunne ho ofte ligge og nynne på akkurat denne salmen som ho var svært glad i. Eg kan seie at eg har arva gleda over salmen frå henne.



Salmen har såleis følgt meg gjennom mesteparten av livet mitt. Salmen er dikta av Johan Nordahl Brun i 1786 og vart omsett til nynorsk av Bernt Støylen i 1904.

Jesus lever, grava brast!  
Han stod opp med guddoms velde.  
Trøysta står som fjellet fast,  
Kristi strid og blod skal gjelde.  
Lynet blinkar, jorda bever,  
grava brast og Jesus lever.

Eg har vunne, Jesus vann!  
Mørkheims makt for honom rømde;  
Krist av grava utgang fann  
og for evig døden dømde.  
Open har eg himlen funne,  
Jesus vann og eg har vunne.

# Gylne augneblink

Av Kristine Eidhamar

Ei god venninne var brått død, som me syntest, så altfor tidleg. Eg hadde delt mykje med henne. Me forstod kvarandre så godt. Gravferda var ein fin haustdag. Etter ei gripande og fin stund i kyrkja var me komne ut på gravplassen. Det var mykje folk, så det tok litt tid før alle kom borttil. Der stod me då stille og venta, presten og dei nærmaste ved gravkanten, og me andre samlast rundt. Eg fekk ei sterk kjensle av



at me er eit stort fellesskap. Her står me alle like hjelpe-lause overfor døden. I dag er det din tur, neste dag kan det vere ein av oss andre. Då med eitt opna skylaget seg, og sola sende sine varme strålar over oss! For meg vart det ei helsing frå himmelens Gud, vår felles skapar, ei sterk opplev-

ing av guds nærvær som har sett seg fast : Ver trygg, eg er med i dette også, eg held mi hand over min veike og hjelpe-lause skapning! Eg er dykk alltid nær! Eg fekk ei visse om at den kjære døde var i guds nærværet.

\*\*\*\*\*

Det var fredag 5. januar. Det var djup snø på marka, og trea stod kvite av snø. Det var 7-8 kuldegrader ute, og fjorden låg blank som ein spegel. Nei, no må eg ta meg ein tur ut, tenkte eg.

Det var ein oppløgd skogsveg som eg brukar gå tur på. Eg hadde därleg samvit fordi eg ikkje hadde att fuglemat å legge ut. Korleis skal fuglar, rådyr og hjort overleve slike dagar, tenkte eg, og hadde verkeleg vondt av dei der eg gjekk. Så var eg komen så langt at det var skog på eine sida av vegen. Og der, opp i bjørketrea, var det fullt av små meis som flaug i glade, kåte hopp frå grein til grein og hakka ivrig på hannraklane som skulle sprette ut til våren! Somme hang ytst på greinspirane og svaia og hakka ivrig, og den lette snøen dryssa ned! Ei utruleg oppleveling! Her sat dei midt i matfatet, og det såg ut som dei sprudla av livsglede. Så gjekk eg vidare. Vegen går eit stykke langs ei elv. Då eg kom gåande der på tilbakevegen, fekk eg sjå dei høge oretreia fulle av dompap ivrig hakkande på orekonglane, og bjørkene på andre sida av vegen fulle av meis som forsynte seg av raklane! Her har eg gått turar denne vegen så mang ein vinterdag i ein stille skog og knapt høyrt eit meisepip eller sett eit liv. Eg gjekk opp dagane etterpå om lag same tida, men alt var stille. Eg var der nok på rette dag og på rette tidspunkt den dagen, og opplevde det som eit innsyn eg skulle få i Skaparens fantastiske og storlagne skaparverk, som har sitt matbord dekka for store og små.



## ALTERVINDUET I VIKE KYRKJE

Av Audbjørg Gjerde Lippert

Vike kyrkje har eit vakkert altervindu fra 1970, året då kyrkja blei bygd. Det smale, todelte vinduet har reine linjer og klare fargar. Sentralt i bildet er eit stort, gult kors som er skråstilt og går over begge delar. På kvar side ser vi to små, brune kors. Det må vere korsa til røvarane som blei korsfeste saman med Jesus på Golgata. Alle tre korsa er tomme.

Blåfargen øvst løftar oss mot himmelen, - mot Guds himmel som er over kors og død. Den spisse forma forsterkar dette. Nedst har vi jordfargar som grønt og brunt. Hovudkorset - Jesu kors - er sen-

tralt plassert mellom himmel og jord, og påskebodskapen om korset som foreinar Gud og menneske gjennom Jesu forsoningsdød, talar til oss.

Kyrkjelyden som ser på vinduet under gudstenestene, vil legge ulike tolkingar i fargar og former, men det vil vere vanskeleg å kome utanom det tomme korset, - det sterkeste av alle kristne symbol, det som fortel at Jesus lever.



# Ei for å tjenes Herren kom

Av Kaare Lervik

**Tekst.** Salmen vi presenterer her, er ingen påskesalme, men ei påminning, ei påminning om å tene og å bli tent. Han står i Norsk Salmebok på nr. 681. Det er Gustav Jensen som har skrive salmen. I følge Wikipedia var han født i 1845 og døydde i 1922. Jensen var norsk prest, hymnolog, salmediktar, prestelærar og liturgiker. Han er mest kjent for sin liturgirevisjon og for å ha revidert Landstad si salmebok. Dette siste førte til ein del strid, men salmeboka vart endeleg godkjent i 1924. Han som hadde hovudoppgåva med revisjonen, fekk ikkje oppleve at boka vart godkjent og teken i bruk. Gustav Jensen sette i alle fall spor etter seg, og vi finn fleire av salmane hans i vår salmebok.

**Melodi.** Denne salmen har ein svært vakker melodi som er komponert av Jakob Sletten. Han veit vi var prest i Vestnes frå 1909 - 1914, og at han måtte søkje avskil grunna dårlig helse. I brev han har etter seg, skriv han: *Etter eg laut ta avskil, er det musikken som meir og meir har fanga hugen min og fylt mi tid - i intenst arbeid med å komponere. Det er so lite eg har orka å gjere. Kunde mine tonar - som eg torer vone - bli til glede for folk og kyrkje, so vil dei gjere si gjerning, når mi røyst er tagna. Og for det takkar eg Gud.* For Jakob Sletten var dette ein god måte å tene andre på, og vi finn fleire salmar i Norsk Salmebok som han har sett melodi til.

**Ein tanke.** Matias Orheim har ein vakker salme på nr. 750 i salmeboka; *Eg har ei teneste stor for Gud frå dag til dag i det stille.* Dei to salmane som her er nemnt, har eit sterkt religiøst innhald, og det er viktig for mange. Ikkje alle av oss tenker så mykje i den lei, men i ein elles så travel og krevjande kvardag, kunne vi kanskje ha tenkt enda meir på å tene andre menneske slik at våre gjerningar kunne bli til nytte og glede for andre. I den samanheng er det nærliggande å sitere første verset av "En hustavle" av Arnulf Øverland: *Det er en lykke i livet som ikke vendes til lede: Det at du gleder en annen det er den eneste glede.* Oppfølginga av ein slik tankegang, må bli å ta dette på alvor, for som Øverland seier; *Det er en sorg i verden som ingen tårer kan lette: Det at det var for sent da du skjønte dette.*

*Gløym ikkje å gjere det gode!*



Ei for å tjenes Herren kom,  
han kom her ned for å tjene.  
Helt gjennom dødens angst og dom  
gikk han, den høye og rene.  
Selv sa han: Størst i himmerik  
er den som fritt og uten svik  
andre vil elske og tjene!

Jordlivet byr på trange kår,  
meget er brutt og av lave.  
Her er det rom for hjelp mot sår,  
rom for hver tjenestes gave.  
Han som steg ned fra himmerik,  
finner sitt sted på jorderik:  
sinn som vil tjene med glede!

Sterkere strømme Herrens blod  
gjennom disiplenes årer!  
Friere flyte livets flod  
hen over jorderiks tårer!  
Takk da, vår Gud i himmerik,  
takk, Herre Krist, som nåderik  
tjente og tjener oss alle!

## VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope mandag - torsdag kl. 08.30-15.00  
Telefaks: 71184231

**Signe Hellevik**, sokneprest  
Telefon: 71184236 / 91123045  
E-post: signe.hellevik@vestnes.kommune.no

**Magne Bildøy**, fungerande sokneprest  
Telefon: 71184234 / 92437308  
E-post: mabildoy@gmail.com

**Finn Arne Roaldsnes**, sokneprest  
Telefon: 71184234 / 90829737  
E-post: finn.arne.roaldsnes@vestnes.kommune.no

**Reidun Blø**, kontorsekretær: Telefon: 71184232  
E-post: reidun.blo@vestnes.kommune.no

**Toril Lillebø Nerland**, kyrkjeverje  
Telefon: 71184235 / 48155034  
E-post: kyrkjeverje@vestnes.kommune.no

**Sigurd Moltubak**, diakonileiar: Telefon: 71184237  
E-post: diakon@vestnes.kommune.no

**Sissel Schiøtt**, kantor: Telefon: 71184230 / 95270346  
E-post: sissel.schiott@vestnes.kommune.no

**Geir Falch**, kyrkjetenar: Telefon: 90217404

**Inger Marie J. Sylte**, prosjektprest 71184238  
E-post: imjsylte@gmail.com

**Nina Kvernmo**, Trusopplæringsmedarbeidar  
Telefon: 95231698, E-post: nkvernmo@online.no

Heimeside til kyrkjene i Vestnes:  
[www.vestnes.kyrkja.no](http://www.vestnes.kyrkja.no)

# Karnevalsgudsteneste

Av Inger Marie Jakobsen Sylte

Det har blitt ein tradisjon at kyrkjelydane i Vestnes har ei skikkeleg livleg karnevalsgudsteneste. Vi gjer dette for å markere at vi er på veg inn i dei 40 dagane med faste. I dei 40 dagane blir vi oppfordra til å tenke litt ekstra på dei i verda og rundt oss som har det vondt, og på kva vi kan hjelpe til med. Før dette har vi denne festgudstenesta der vi kosar oss skikkeleg før det litt enklare trår til. Fleire kostymergebarn kom og fikk oppleve rytmar, dåp, familiesongen sin første opptreden, bibelhistoria om Bartimeus, ballongar som kom dettande ned frå galleriet, og eit postludium der alle fekk lov til å danse i midtgangen. Konfirmantar stilte opp og hjelpte til med både kyrkjekaffi, leikar og anna aktivisering tilpassa barn. Ein stor takk til dei som hadde baka dei deilige muffinsane, 150 stk til saman. Dei gjekk ned på høgkant.



"Konstabel Helga Marie i aksjon."



"Klovnen Alma og brannmannen Simon leika seg i kyrkjerommet."



"Å sette hale på grisen med bind for auga er ikkje enkelt."



"Limbodans i midtgangen."

# Tårnagentane utforskar kyrkjene våre!

Av Inger Marie Jakobsen Sylte

Alle åtteåringar i kommunen vår har kvart år noko å glede seg til! Då opnar den lokale kyrkja dørene for å la seg utforske av nysgjerrige barn. Fyrst ute i år var 3.klassingane i Vestnes kyrkjelyd. Ein laurdag i januar møtte 30 barn frå Vestnes og Tomrefjord opp i Vestnes kyrkje og fekk ulike oppgåver å løyse. Dette vart ein laurdag der barn bevega seg høgt og lågt i kyrkjerommet. Alle krikar og krokar som ikkje er blitt utforska tidlegare, vart no oppdaga, - ei symbolsk jakt i kyrkja som gjorde barna bevisst på kva rommet inneheld. Vaksne leiarar fortalte og forklarte. Flinke konfirmantar var med som hjelpeleiarar og bidrog sterkt til at tårnagentane fekk mette magane sine med pølser og leika seg i kyrkjerommet. Dei hjelpte til med at programmet gjekk som det skulle. Heile Noreg er med på å arrangere trusopplæringstiltaket "Tårnagent" der barn får lære om kyrkjerommet på ein spanande måte. I Vestnes har vi opplegg på ein laurdag ettermiddag, og så møtest barna att på søndag formiddag til tårnagentgudsteneste. Her får dei sette sitt preg ved å bli med på tekstsingning, synge tårnagentsong og vise kyrkjelyden kva ein tårnagent er. I all hemmelegheit: Tårnagentar er kule!



Tårnagentane gjorde stor innsats i tårnbygging.



Vestnes kyrkje vart utforska til minste detalj.



Spanande er det å sjå kva som heng i presten sitt skap.

## Takt og tonar i Vestnes FAMILIESONG!

Av Inger Marie Jakobsen Sylte

Mange barn, foreldre og nokre besteforeldre tok turen til fyrste øving i familiesongen i Vestnes kyrkje. Sissel Schiøtt lærte bort fengande og enkle songar med bevegelsar til. Allereie på første øving blei koret invitert til å delta på karnevalsgudstenesta. På den andre øvinga, nokre dagar før gudstenesta dei skulle opptre på, fekk alle prøve å synge i mikrofon, noko barna likte veldig godt! Kvar torsdag fram til påske frå kl. 17 til 17.45 vil Vestnes kyrkje bli fylt med songglade babyar, barn, foreldre og besteforeldre. Sissel Schiøtt seier det er plass til alle som vil komme! Koret er for alle i heile kommunen.



"Fyrste øving i familiesongen. Både store, små og dei aller minste kosa seg saman."

# Ny Storstue i Tomrefjord

## TOMREFJORD KRISTNE FORSAMLINGSHUS

Ved Audbjørg Gjerde Lippert

Vi ønskjer å få vite litt meir om bakgrunnen for det nye huset, som hadde sitt stiftingsmøte i desember 2012, og har tatt ein liten prat med styreleiaren Hans Frafjord.

*Tomrefjord bedehus, som i rundt 50 år har vore det naturlege samlingspunktet for kristen aktivitet inne i Tomrefjorden, er ikkje lenger eigna til slik bruk. For det første ligg huset på ein stad som er regulert som industriområde, og for det andre er huset etter kvart blitt i så dårleg forfatning at det måtte svært store påkostnader til om huset framleis skulle kunne brukast til dette føremålet.*

Hans held fram:

*I ein lang periode har det vore arbeidd med tanken om eit nytt hus. Så dukka det opp to ting på ein gong. STX sa seg villig til å kjøpe bedehuset til ein god pris, og kommunen gjekk med på å gi det gamle Li-ko-fa-bygget til kristen aktivitet i bygda. Både leiinga på STX og kommunen, med ordføraren i spissen, har vist stor velvilje og interesse for dette. Tomrefjord er ei relativt stor bygd i kommunen, men utan eige kyrkjebygg. No håper vi å få samla kristen aktivitet i vid forstand i dette bygget, også kyrklege handlingar. I dag er det som kjent ikkje skulen lengre som tek seg av dåpsopplæringa. Det er kyrkja sitt ansvar. Vi meiner dette bygget vil eigne seg godt til både trusopplæring, konfirmantarbeid og barne- og ungdomsarbeid generelt. Det vil kunne tilby ulike samlingar av kyrklege og organisasjonsmessig art for alle aldrar. Storsalen ønskjer vi å gi eit sakralt preg (sjå biletet), mens andre rom vil vere meir eigna til andre aktivitetar. Elles satsar vi på fleksible løysingar som kan gjere salane større og mindre etter behov. Det vil bli eit bra kjøkken der òg.*



Slik kan storsalen med det sakrale hjørnet bli.

*Visjonen er at det skal bli eit hus som heile bygda vil ha glede av og kjenne eigeforhold til. Vi håper det vil bli brukt til mange gode formål som kan samle bygda. Alle vil ha høve til å melde seg inn i foreininga som eig huset, og vere med og bestemme bruken av det.*

Vi skjøner at huset må renoverast og ombyggast ein del både utvendig og innvendig.

*Ja, det er ein spennande prosess som no er i planleggingsfasen. Både styre og prosjektgruppe er i gang med dette, og vi har vore svært heldige med å fått tilknytt oss fleire personar med ulik byggfagleg kompetanse, noko som er svært viktig for å få framdrift i prosessen. Etter kvart må ein del arbeid gjerast på dugnad, men mykje må vi nok ha fagfolk til å utføre. Kva med finansiering og drifting?*

*Vi har ein del pengar "på bok", mellom anna etter salet av bedehuset, så vi skulle kome eit stykke på veg med det. Vi vil utarbeide eit prospekt over korleis vi ønskjer å ha huset. Så får vi heller ta det litt steg for steg om det skulle bli nødvendig. Dette er ikkje eit kyrkjebygg finansiert av det offentlege, men eit hus som eig seg sjølv. Det betyr at det er bygda som må sørge for midlar til å halde bygget i gang. Vi håper på leigeinntekter av ulike slag i tillegg til at bedrifter og enkeltpersonar ønskjer å bidra ein del.*

Når reknar de med at huset blir tatt i bruk?

*Vi tenkjer oss at vi får rydda eit rom i underetasjen og sett det i stand som ein første samlingsstad. Dette vil vi arbeide med utover vinteren og våren. Til hausten reknar vi med å ta det i bruk. Når det gjeld hovudetasjen, vil det truleg gå noko lenger, men kan skje hausten 2014 kan vere eit realistisk tidspunkt for at det meste er i stand.*

Har du inntrykk av at bygdefolket sett pris på å få eit nytt hus som opnar opp for brei kristen aktivitet?

*Det er så absolutt mitt inntrykk. Mange har sagt at dei meiner det er svært viktig for bygda. Alternativet ville ha vore at vi ikkje lenger hadde noko hus for kristent arbeid, sidan vi ikkje har kyrkje her, - noko mange ser ut til å meine ville vere eit stort tap for bygda.*

Kyrkjebladet ønskjer lykke til med det omfattande arbeidet som er i gang med å få huset funksjonelt, og ikkje minst ønskjer vi lykke til med positiv aktivitet som vil samle bygda.

# KYRKJELEG ÅRSSTATISTIKK alle sokna i Vestnes

Av Finn Arne Roaldsnes

Kvart år må aktiviteten i kyrkjelydane rapporterast inn. Dette gjer vi i form av tal. Vi presenterer for dykk resultatet og tek samtidig med ei samanlikning for tre år bakover. Vi er glade for at arbeidet gir resultat, og at vi får vere med.

	2012	2011	2010	2009
Innmelde i Den norske kyrkja	2	1	2	0
Utmelde av Den norske kyrkja	3	6	7	11
Talet på døypte	74	57	70	77
Talet på døypte, busette i soknet	51	31	66	51
Konfirmerte i soknet	105	90	94	90
Kyrkjelege vigslar i soknet	15	5	18	14
Gravferder	63	68	63	59
Hovudgudstenester på søn- og helgedagar	89	89	92	101
Tal på deltakarar	9026	8796	8 700	8738
Andre gudstenester/møte m/gudstl. karakter	15	17	12	14
Tal på deltakarar	1835	2332	1485	1674
Gudstenester m/nattverd, søn- og helgedagar	38	33	27	24
Tal på deltakarar til nattverd	1255	1505	859	648
Gudstenester med skriftemål	1	1	1	1
Familie- og ungdomsgudstenester	15	20	22	28
Gudstenester i kyrkja for barnehage og skule	10	7	8	9
Økumeniske gudstenester/møte	1	2	1	1
Barnehagebesøk i kyrkjene	3	2	2	2
Besøk i barnehagar	5	2	1	0
Klassebesøk i kyrkjene	10	5	5	24
Kyrkjelydane sine misjonsprosjekt i andre land	4	4	4	6
Kyrkjeofringar	248222	245 955	229 441	241 693
Andre innsamlingar	288	338 990	267 913	287 092
Offer til eige arbeid	123721			

## FRILUFTSGUDSTENESTER

Vi minner om friluftsgudstenestene vi har:

Sportsandakt på Tomresetra (Varmestua) skjærtorsdag kl.1200

Skaparverkets dag på Tomresetra(Varmestua) 2. juni kl.1200

Korsstønesmesse ved Gjermundneset/Korsstøneset 9. juni kl.1600

Fjellgudsteneste på Stall Kjersem 16. juni kl.1600

Familiegudsteneste ved Øygardsbukta 11. aug. kl.1200

## KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité: Kaare Lervik, Audbjørg Gjerde Lippert,  
Kari Moe Elgsaas, Kari Nakken og Reidun Blø

Adresse: Kyrkjekontoret, 6390 Vestnes

E-post adr.: kyrkjebladet.vestnes@gmail.com

\*

*Vi oppfordrar dei som måtte ha forslag til stoff  
eller noko dei vil ha med i Kyrkjebladet, til å  
ta kontakt med redaksjonen. Takk!*

Siste frist for innlevering av stoff til neste nr er 31.5.



**Gåver til drift og distribusjon  
av kyrkjebladet er kjærkomne.**

Kontonummer: 4056.20.62124

# For dei minste

Desse to bilda er nesten like. Finn du fem feil på bildet til høgre?

Teikning: Kari Sortland.



## Konfirmantar i Vestnes kommune våren 2013

### Vestnes kyrkje 28. april

#### *Tomrefjord-konfirmantar*

Solveig Bårdnes  
Oscar Daum  
Reidun Eik Dyrkorn  
Synnøve Eik  
Michael Fagervoll  
Kim Otto Risnes Fiksdal  
Jonas Marken Fosøen  
Kristoffer Gjerde  
Lisa Hjelvik  
Sanna Hole  
Amalie Sandblåst Lien  
Lisa Marie Reistad  
Rebecca Vasseli

### Vestnes kyrkje 5. mai

#### *Tomrefjord-konfirmantar*

Guro Hadland  
Malin Larsen Johansen  
Silje Marie Gjerde Langstein  
Bjørn Erik Langstein  
Susanna Melanie Gresdal Liabø  
Raymond Lien  
Kristian Sanden Svingeseth  
Madelen Sæterøy  
Sigurd Andre Sørøy  
Steinar Madsen Tangen  
Emma Birgitte Skjønberg Tomren

### Tresfjord kyrkje 9. mai

Aleksander Løvik Brandvik  
Caroline Løvik Brandvik  
Kjell Tore Skjegstad Hansen  
Malena Kjersem  
Marina Furland Kjersem  
Ørjan Hoem Sylte  
Emma Lovise Frostad Valle  
Maja Skavnes  
Rannveig Oterhals Kjersem  
Anne Marte Kjersem Løvik  
Lars Even Sylte Gjerde  
Stine Birgitte Runde  
Vilde Larsen Klauseth  
Per Einar Vatnehol Løvik  
Emil Utgård Andreassen (*konfirmeres i DNK i Miami 31. mars*)

### Vestnes kyrkje 9. mai

*Helland-konfirmantar*  
Ole Magnus Herje Bauer  
Nadia Elisa Flatseth  
Andre Heggem Foldvik  
Gisle Brandsøy Furland  
Mari Hagerup Gjelstenli  
Simen Alexander Henriksen  
Helene Rødal Høgseth  
Preben Gimmestad Jensen  
Joakim Kjøpstad  
Andrine Mogstad  
Marit Nerhus  
Tuva Sunde Overaa  
Kristoffer Svinø Uren  
Eirik Rypdal Varnes  
Eivind Øverås

### Vestnes kyrkje 12. mai

#### *Helland-konfirmantar*

Jenny Bakken  
Maria Bjermeland  
Vegard Aaram Breivik  
Eskil Aas Bråten  
Mathias Rypdal Flølo  
Håkon Aas Hjelvik  
Sander Osdal Løvik  
Torbjørn Arent Eidsvik Nerheim  
Lone Skotte Orseth  
Andrea Taklo Strand  
Martin Lied Sæter  
Christina Sundkvist Søholt  
Jan Olav Vibstad  
Elisabeth Stenødegård Øvstedal

### Vike kyrkje 25. mai

Elise Skare Bådal  
June Helen Heen Lien

### Fiksdal kyrkje 26. mai

Kevin Ellingsen  
Emma Lovise Bae Frostad  
Nadia Kristin Gjelsten Frostad  
Endre Kristoffer Åmås Holen  
Audun Lien  
Ann Siri Henriksen Lien  
Julia Ellingsen Nakken  
Ken Endre Meyer Nakken  
Fride Kvamsøe Rekdal  
Iselin Søberg

# Slekters gang

## Vestnes kyrkje

### Døypete:

- 09.12 Justin Maleaki Eriksen  
09.12 Edel Venås Indrefjord  
09.12 Eline Fiksdal Mjøs  
09.12 Samuel Magerøy Sivertsen  
09.12 Ingrid Emilie Vestnes  
30.12 Madeleine Beinset Bakken  
30.12 Aurora Vatnehol Solevågseide  
27.01 Elias Berg  
10.02 Tuva Godø-Bjermeland  
10.02 Ida Sofie Aas  
17.02 Daniel Kvålshagen Breivik  
(døypt i Bøverdalen)

### Døde:

- 26.11 Kirsti Fagerheim  
14.12 Karl Johan Larsen  
16.12 Ingeborg Oddlaug Krogseth  
30.12 Arne Torgeir Nerbø  
03.01 Hans Kristian Petter Voldsgård  
08.01 Emil Gjelstenli  
18.01 Sonja Helene Wiik  
25.01 Petra Stokkeland  
26.01 Gunnar Misund  
27.01 Ingrid Karlsnes  
14.02 Bernt Ingemann Hoem  
19.02 John Selnes  
21.02 Solveig G. Frostad  
23.02 Alf Gerhard Bårdsnes

## Fiksdal kyrkje

### Døypete:

- 17.02 Anna-Sofie Bergheim Rørvik  
10.03 Isak Øverås Akselvoll

### Døde:

- 15.12 Reinhard Jostein Nakken  
21.12 Inger Karin Frostad  
20.01 Einar Johan Liabø  
25.01 Magni Karin Gjelstenli  
03.02 Anna Svenson

## Tresfjord kyrkje

### Døypete:

- 26.12 Magnus Nygård Lonbakken  
26.12 Jenny Marie Sørholt Sætre

### Døde:

- 13.11 Kristine Bjermeland  
21.11 Jakob Johan Bjermeland  
09.12 Daniel Hoem Young  
13.12 Ivar Villa  
14.01 Nils Olav Helset  
20.01 Aase Mia Øysjøfoss  
02.02 Bjarne Sigurd Sylte  
05.02 Birger Rundtom  
07.02 Jenny Bergum  
09.02 Lars Konrad Eidhamar

## Vike kyrkje

### Døypete:

- 03.02 Elise Skare Bådal  
03.02 Stine Birgitte Runde

### Døde:

- 08.12 Osvald Peder Leikarnes  
24.12 Nils Dagfinn Christensen  
24.12 Karen Anna Leikarnes  
12.01 Bjørg Jorunn Krogseth  
17.01 Kjellfrid Aslaug Lervik  
18.01 Anbjørg Alice Christensen  
22.01 Johanne Krogseth Dale

## Gudstenester i Vestnes

(med etterhald om evt. endringar)

### 24. mars Palmesøndag

*Myra kulturhus kl. 11.00*

Storfamiliegudsteneste.

Takkoffer til Misjonsprosjektet i Beghi.

### 28. mars Skjærtorsdag

*Tomresetra kl. 12.00*

Sportsandakt.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

### Tresfjord trygdeheim kl. 16.00

Nattverdsgudsteneste.

### Vestnes kyrkje kl. 18.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer Kvite band.

### 29. mars Langfredag

*Vestnes sjukeheim kl. 16.00*

Nattverdsgudsteneste.

Takkoffer til Diakoniarbeidet.

### Vike kyrkje kl. 11.00

Langfredagsgudsteneste.

### 31. mars 1. påskedag

*Fiksdal kyrkje kl. 11.00*

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Israelsmisjonen.

### Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

### Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Diakoniarbeidet.

### 01. april 2. påskedag

*Tresfjord kyrkje kl. 11.00*

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Diakoniarbeidet.

### Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Økumenisk gudsteneste.

Takkoffer til Misjonsforbundet.

### 07. april 2. s. i påsketida

*Vestnes kyrkje kl. 11.00*

Familiegudsteneste. Utdeling

til 2. klasse. Takkoffer til Trusoplæringa.

### Vestnes kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste. Utdeling

til 2. klasse. Takkoffer til Trusoplæringa.

### 14. april 3. s. i påsketida

*Vestnes kyrkje kl. 11.00*

Familiegudsteneste. Utdeling

til 2. klasse. Takkoffer til Trusoplæringa.

### Vike kyrkje kl. 18.00

Forenkla høgmesse. Takkoffer til Misjonsprosjektet i Aserbajdsjan. Kyrkjelyden sitt årsmøte.

### 21. april 4. s. i påsketida

*Tresfjord kyrkje kl. 11.00*

Familiegudsteneste. Utd. til 1. klasse. Takkoffer til Topp Safari.

### 24. april Onsdag

*Vestnes kyrkje kl. 19.00*

Samtalegudsteneste for Tomrefjordkonfirmantane.

### 28. april 5. s. i påsketida

*Vestnes kyrkje kl. 11.00*

Konfirmasjonsgudsteneste for Tomrefjordgr. 1. Takkoffer til Konfirmantarbeidet.

### 02. mai Torsdag

*Tresfjord kyrkje kl. 19.00*

Samtalegudsteneste for Tresfjord-

og Vikekonfirmantane.

Takkoffer til KRIK Vestnes.

*framhald side 12*

# **framhald fra side 11 Gudstenester i Vestnes**

**05. mai 6. s. i påsketida**

*Vestnes kyrkje kl. 11.00*

Konfirmasjonsgudsteneste for Tomrefjord  
gr. 2. Takkoffer til Konfirmantarbeidet.

**06. mai Måndag**

*Vestnes kyrkje kl. 19.00*

Samtalegudsteneste for Helland-  
konfirmantane.

**09. mai Kristi himmelfartsdag**

*Tresfjord kyrkje kl. 11.00*

Konfirmasjonsgudsteneste.  
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

*Vestnes kyrkje kl. 11.00*

Konfirmasjonsgudsteneste  
for Helland gr. 1.

Takkoffer til Konfirmantarbeidet.

**12. mai s. før pinse**

*Vestnes kyrkje kl. 11.00*

Konfirmasjonsgudsteneste for Helland  
gr. 2. Takkoffer til Konfirmantarbeidet.

**15. mai Onsdag**

*Fiksdal kyrkje kl. 19.00*

Samtalegudsteneste.

**17. mai Grunnlovsdagen**

*Fiksdal kyrkje kl. 10.00*

Forenkla høgmesse.

Takkoffer til NKKS.

*Vestnes kyrkje kl. 12.00*

Forenkla høgmesse.

Takkoffer til Redd barna.

*Vike kyrkje kl. 10.00*

Forenkla høgmesse.

Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.

*Tresfjord kyrkje kl. 12.00*

Forenkla høgmesse. Takkoffer til  
Søndagsskulen i Romsdal.

**19. mai Pinsedag**

*Vestnes kyrkje kl. 11.00*

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

Søndagsskule.

**20. mai 2. pinsedag**

*Tresfjord kyrkje kl. 20.00*

Pinsesong. Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

**25. mai Laurdag etter pinse**

*Vike kyrkje kl. 11.00*

Konfirmasjonsgudsteneste.

Takkoffer til KRIK Vestnes.

**26. mai Treeinigssøndag**

*Fiksdal kyrkje kl. 11.00*

Konfirmasjonsgudsteneste.

Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.

**02. juni 2. s. i treeinigstida**

*Tomresetra kl. 12.00*

Skaparverkets dag. Takkoffer til  
Nytt "kyrkjelydshus" Tomrefjord.

**09. juni 3. s. i treeinigstida**

*Fiksdal kyrkje kl. 11.00*

Høgmesse. Takkoffer til Misjons-  
prosjektet.

*Vike - Korsstøneset kl. 16.00*

Korsstønesmesse.

Takkoffer til Barnevakten.

**16. juni 4. s. i treeinigstida**

*Stall Kjersem kl. 16.00*

Skaparverkets dag.

Takkoffer til Amathea.

*Vestnes kyrkje kl. 11.00*

Høgmesse. Takkoffer til Kirkens SOS.  
Søndagsskule.

**23. juni 5. s. i treeinigstida**

*Vike kyrkje kl. 11.00*

Høgmesse. Nattverd. Takkoffer til  
Mission Aviation Fellowship.

**30. juni Aposteldagen**

*Vestnes kyrkje kl. 11.00*

Familiegudsteneste.

Takkoffer til KFUK/KFUM.

**07. juli 7. s. i treeinigstida**

*Tresfjord kyrkje kl. 11.00*

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

**14. juli 8. s. i treeinigstida**

*Vestnes kyrkje kl. 11.00*

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Diakoniarbeid.

**21. juli 9. s. i treeinigstida**

*Fiksdal kyrkje kl. 11.00*

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til KRIK Vestnes.

**28. juli 10. s. i treeinigstida**

*Vestnes kyrkje kl. 11.00*

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Wycliffe.

**29. juli Olsok**

*Tresfjord kyrkje kl. 18.00*

Olsokgudsteneste.

Takkoffer til Kyrkjestova.

**04. august 11. s. i treeinigstida**

*Vike kyrkje kl. 18.00*

Kveldssong. Takkoffer til Evangelie-  
senteret.

**11. august 12. s. i treeinigstida**

*Øygardsbukta, Rekdal kl. 12.00*

Forenkla høgmesse.

Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.

**18. august 13. s. i treeinigstida**

*Vestnes kyrkje kl. 11.00*

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Eigen kyrkjelyd.

**25. august 14. s. i treeinigstida**

*Tresfjord kyrkje kl. 11.00*

Konfirmantpresentasjon.

Takkoffer til Norsk kirke i utlandet.

**01. september 15. s. i treeinigstida**

*Fiksdal kyrkje kl. 11.00*

Konfirmantpresentasjon.

Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.

**08. september 16. s. i treeinigstida**

*Vestnes kyrkje kl. 11.00*

Konfirmantpresentasjon for

Tomrefjord- og Hellandkonfirmantar.

Takkoffer til Konfirmantarbeidet.

**15. september 17. s. i treeinigstida**

*Tresfjord kyrkje kl. 11.00*

Hausttakkefest. Utdeling av 4-årsbok.

Takkoffer til Topp Safari.

*Vike kyrkje kl. 16.00*

Hausttakkefest. Utdeling av 4-årsbok.

Konfirmantpresentasjon.

Takkoffer til Topp Safari.

**22. september 18. s. i treeinigstida**

*Fiksdal kyrkje kl. 11.00*

Hausttakkefest. Utd. av 4-årsbok.

Takkoffer til Misjonsprosjektet.

*Vestnes kyrkje kl. 16.00*

Hausttakkefest. Utd. av 4-årsbok.

Takkoffer til Trusoplæring.

**29. september 19. s. i treeinigstida**

*Vestnes kyrkje kl. 11.00*

Misjonsgudsteneste for alle 4 sokna.

Nattverd. Takkoffer til Misjons-

prosjektet i Beghi.